

## Eit par tips i høve til Timeline

### "Scale bar" og "Focus"

#### "Scale bar"



Denne bruker du til å zoome inn og ut visninga i Timeline. Du kan anten dra i den med musa eller bruka piltaster. **Piltast opp** zoomer ut/syner meir av sekvensen medan **piltast ned** zoomer in/syner meir detaljer.

#### "Focus"




Når du trykker denne vil Timeline verta zooma inn der blålinja er i sekvensen med blålinja plassert midt i og ca 6 sekund før og etter. Eitt nytt trykk og du kjem attende til visninga du hadde før...

### Hopp til klipp


#### Med musa

Om du held nede **Ctrl**-tasten og trykker med musa mellom blålinja og eit klipp i sekvensen vil blålinja flytta seg til fyrste biletruta **etter** klippet.



Om du held nede både **Ctrl** og **Alt**-tasten når du gjer dette vil blålinja flytta seg til siste biletruta

## før klippet

*Med Tastatur*

På tastane A og S finn du funksjonane "Go to Previous Edit" og "Go to Next Edit". Bruk av desse vil flytta blålinja til neste klippepunkt(bilètruta *etter* klippet). Kva spor som er aktive vil vera verka inn på resultatet. Om meir enn eitt spor er aktivt vil funksjonen flytta dykk til starten eller slutten av sekvensen, **med mindre du held inne *Alt*-tasten**: Då vil hoppet skje til alle klipp i sekvensen og spora som har klipp vil verta aktivert automatisk(dei utan vil verta deaktiverte)

**Legg merke til at blålinja, når du har zooma ein del inn, faktisk er to linjer: Ei heiltrukken og ei stipla. Dette for å syna at blålinja gjeld ei heil bilètrute(frame)**